

Referat frå møte i FAU		27.08.19
		19.30
		Personalrommet
Møte innkalla av:	Arne Mehus	Møte 1 19/20
Møteleiar:	Arne Mehus	Skrivar: Solfrid
Møtedeltakarar:	Arne Mehus, Oddny Lunde Bakka, Helen Moen Gjuvsland, Kristine Bøe Berge, Elin T. Sørrestad, Fran Olav Steine, Sven Hoftun, Irene Steinbru Ørjaseter, Else Kristin Hilde Krogh, Solfrid Eide Foldøy, André Lofthus, Tom Gardsteig, Asle Fisketjøn, Turi Ottersland Tjøstheim, Magnus Bakka, Lars Lunde <i>Meldt forfall:</i>	

Sak 1 2019/2020 Velkommen og godkjenning av referat og innkalling

- Godkjent innkalling og referat.
 - Nye retningslinjer for FAU blir utdelt.
 - Gjennomgang og godkjenning av endringane som har blitt gjort.
-

Sak 2 2019/2020 Orientering frå sist møte i KFAU, SU, SMU

- KFAU: Leiar i kommunalt FAU ventar på svar på spørsmål frå kommunalsjef.
- SMU(Skulemiljøutvalget): Gjekk gjennom referatet.
- SU: Gjekk gjennom referatet.
 - Helen opplyste om at ho, som leiar i SU, har sendt eit brev som følgje av sak 13 2018/2019, til kommunalsjefen for oppvekst i Suldal kommune.

I brevet vart det stilt to spørsmål:

- kva fordelingsnøkkel som ligg til grunn for tildeling av leiarressurs til Vinjar?
- kva kommunalsjefen vil gjere for at tildelinga til Vinjar skal harmonere med tildelinga til Sand skule?

Kommunalsjefen har blant anna svart at leiingsressursen var sist oppe til vurdering i 2015-2016 og at også rektorgruppa har gitt innspel på denne saka. Dei vil sjå på saka og fordelingsnøkkelen ved neste ressursrunde som er ved årsskifte.

- Ønskje om ei foreldreundersøking for å kartlegge effekten av «ny» SFO-ordning vart drøfta i SU sak 15 2018/2019. Saka vart drøfta i møtet, og leiaren vil ta saka med til SU og KFAU der ein ber om at ein sender ut ei spørjeundersøking som ei politisk bestilling. Ein meiner det bør vera ei politisk bestilling ettersom den «nye» sfo-ordninga var eit politisk vedtak for endring av sfo-tilbodet.
-

Sak 3 2019/2020 Konstituering av nytt FAUstyre

- Leiar: Helen Moen Gjuvsland
 - Nestleiar: Tom Gardsteig
 - Skrivar: Solfrid Eide Foldøy
 - Kasserar: Turi Ottersland Tjøstheim
 - Medlem SMU: Frank Olav Steine
-

Sak 4 2019/2020 Orientering frå einingsleiar/rektor

- Stolsaka: Viser til gjennomgang under sak 2.
- Læringbrett: Alle elvane får kvar sin IPad. Dei tilsette har vore på opplæringsdagar med firmaet Rikt. No kjem dei til skulen og elevane, dato er sendt på Transponder. Då overtar Rikt undervisninga. Avtale om lån av læringsbrett vil bli sendt heim for signering. Alle elevane vil få hovudtelefonar, mellomtrinnet får i tillegg tastatur. Utanom dette er det sett av samlingsdagar for alle lærarane til å dele informasjon og kunnskap. IPaden er eit satsningsprosjekt som går over fleire år.
- Ressursar: Leiingsressurs vart sist sett på i 2015/2016. No er det på tide med ein ny kikk på dette. Rektor har spelt dette inn til kommunalsjefen, og kjem til å arbeide vidare for ein auka leiarressurs.
Læringsressursene er ca dei same i år som i fjor.
- Symjeopplæring: Kommunalsjef har gitt melding til einingsleiarane at Suldal bad truleg opnar i haustferien. Vinjar skule har ein badeplan klar for elevane når bassenget opnar. Midlane som skulle gått til skyssing av elevar til basseng har ikkje blitt delt ut på einingane endå.
- Rektor opplyste at ho som følgje av SMU sak 11 2018/2019 har etterspurt felles kommunal kvalitetsplan for sfo. Administrasjonen har opplyst at dei arbeidar med planen og at den skal vera klar og implementerast i løpet av dette skule året.

Sak 5 2019/2020 Ymse

- Ingen saker

27. august 2019

Solfrid Eide Foldøy